

**To års røynsle med
Nynorsk mediesenter**

1. 9. 2004 – 1. 6. 2006

Stolt nynorsk
Dyktig - Frogdig - Framfus



Dei fem fyrste nynorskpraktikantane i Nynorsk mediesenter byrja 1. september 2004, dagen før senteret vart offisielt opna av dåverande kulturminister Valgerd Svarstad Haugland. Sidan då har vi sendt frå oss 20 nynorskpraktikantar, som alle har heil- eller deltidsarbeid i media. Med unntak av to er alle knytte til NRK. Det femte kullet byrjar 1. september.

Nynorsk mediesenter vart til under noko spesielle tilhøve. Då styret i NRK vedtok det fyrste gongen, 28.august 2002, var det nærmast som eit plaster på såret for å legge NRK Sogn og Fjordane under NRK Hordaland. Men i styrevedtaket 9. januar 2003 vart nettopp Nynorsk mediesenter eit argument for ikkje å gjere det. NRK Sogn og Fjordane heldt fram som sjølvstendig distriktskontor og fekk ansvaret for å vere fyrste lærestaden for nynorsk-praktikantane.

Då eg byrja i jobben som leiar for Nynorsk mediesenter 18.mai 2004 var eg redd for at denne forhistoria kunne bli brukt mot Nynorsk mediesenter, og at det ikkje gjorde det betre at eg hadde hatt ei så sentral rolle i kampen for å behalde eit sjølvstendig NRK Sogn og Fjordane. Det er difor med stor glede eg i dag skriv at dette ikkje har vore noko problem for Nynorsk mediesenter. Heile NRK-systemet har takla dette profesjonelt og skikkeleg, noko som har vore ein viktig føresetnad for å legge eit godt grunnlag for drifta av Nynorsk mediesenter. Sjølvsagt er det dei som meiner at vi ikkje trengst, men jamt over er det ikkje ei haldning vi møter, og særleg ikkje i dei redaksjonane som har vorte nærmare kjende med oss gjennom nynorskpraktikantane.



Fyrste kullet med nynorskpraktikantar saman med dåverande kulturminister Valgerd Svarstad Haugland og Magni Øvrebotten, som er leiar for Nynorsk mediesenter. Bilete er teke på opninga 2.september 2004.

Rekrutteringa

Til dei fem fyrste kulla har det høgaste søkeraltalet vore 62, det lågaste 36 søkerar. Av dei totalt 20 nynorskpraktikantane vi har hatt til no er det tolv kvinner og åtte menn. Kvart kull har vore dei fem som var "best i test" av søkerane, og heile vegen har det vore fleire kvinner enn menn som har søkt. Men talet på mannlege søkerar går sakte oppover, til femte kullet var nitten av 45 søkerar menn.

Til berre fem plassar let det seg godt gjøre å finne gode kandidatar med desse søkeralta, men vi vil gjerne ha fleire. Særleg frå nynorskområda på Austlandet, Sørlandet, Trøndelag og Nord-Norge. Det er vanskeleg å nå ut til dei områda av landet der nynorsken er på vikande front, og det er ekstra viktig at vi får tak i folk derifrå. Til denne tid har vi hatt to nordlendingar (den eine oppvachsen i Trøndelag), tre telemarkingar, ein hallingdøl og resten vestlendingar. Det er stor overvekt av søkerar frå dei to største nynorskfylka Sogn og Fjordane og Hordaland, og færre frå Møre og Romsdal og Rogaland, sjølv om dei to siste fylka kjem meir med etter kvart.

Aust om fjella er det telemarkingane som har oppdaga tilbodet og søker seg hit. Frå Buskerud har vi hatt ein praktikant frå Hallingdal, medan det mest ikkje har vore søkerar frå Oppland og Setesdalen. Trøndelag og Nord Norge er det og få søkerar frå. For vestlendingar krev vi at dei er nynorskbrukarar for å kome inn, men frå dei områda der det ikkje er nynorsk i skulen må vi

legge vekt på viljen til samsvar mellom dialekt og skriftspråk. Samnemnaren for alle som kjem inn er ; *eit sterkt ynskje om å bli journalist*.

Vi lyser ut dei fem praktikantstillingane i april og oktober, og brukar vel 25.000 kroner for kvart kull i lysingar i aviser og på nettsider, t.d. NRK sine nettsider, eiga nettside, Jobb direkte, og aviser som Dag og Tid, Dagbladet, Norsk Tidend, og ei rekke lokalaviser i dei områda av landet der vi har få sokjarar.

Vi masar og på distriktskontora for å få dei til å legge peikarar til lysinga vår frå nettsidene sine, uavhengig av om dei reknar seg for "nynorskområde" eller ikkje. Vi lagar og trailarar for radio for å spreie tilbodet, men bortsett frå distriktskontora i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal veit eg ikkje om dei har vorte sende.

Draumen er å få kunngjort dette NRK-tilbodet på NRK1, til liks med innkrevингa av lisensen. Då hadde vi nådd heile landet. Det kunne godt vore eit større medvit i NRK om at dette er eit NRK-tiltak, ikkje berre ei "Førde-greie".



Dette er femte kullet med nynorskpraktikantar som skal byrje 1.september 2006 : Frå venstre Vidar Eidhammer frå Skjold i Rogaland, Marianne Feste frå Seim i Hordaland, Gøril Furu frå Sunndalsøra i Møre og Romsdal, Ingrid Hognaland frå Nedre Vats i Rogaland og Bjarte Vik frå Ålfoten i Sogn og Fjordane

Opptakskrava

Vi leitar etter folk som er engasjerte og gode forteljarar, med eit godt og levande språk og ei god røyst. Mellom åtte og fjorten vert kalla inn til konferanse, på grunnlag av dei søknadane dei har sendt oss. Vi har eit grundig jobbintervju med kvar av dei, der vi testar kor samfunnsorienterte dei er, forholdet deira til nynorsk og viljen til å legge inn det som krevst for å bli ein dyktig journalist. Deretter får dei ein time til å førebu seg til studio- og språktesten, som er avgjerande for om dei kjem inn eller ikkje. Vi leitar og etter "brennande sjeler", fordi både journalistikken og nynorsken treng fleire av dei.

Det er viktig at det er mange vegar inn i journalistikken. Mange redaksjonar klagar over at vi har er for einsarta journalistutdanninger her i landet, og her trur vi Nynorsk mediesenter kan vere eit lite alternativ. Vi prøver å sette saman kulla med praktikantar med ulike bakgrunnar og utdanninger. Der skal og vere plass til dei som berre "veit" at dei vil bli journalistar, og syner eigenskapar og talent for det. Vi har så langt hatt nynorskpraktikantar i alderen frå 20 til 34 år, og gjennomsnittsalderen for dei fire første kulla er 24 år. Med få unntak har dei ikkje andre medieutdanninger, dei byrjar med blanke ark i journalistikken. Både løna, brutto 11.400 per månad, og intensiteten i opplegget gjer det lettast for yngre folk å ta fatt.

Opplæringa

Vi tilbyr ein hestekur i journalistikk, teknikk/data og nynorsk som eterspråk. Det er ei opplæring etter lære-med-å-gjere-det-metoden, som krev stor eigeninnsats. Dei fyrste to månadane er teori i journalistikk, data/teknikk og nynorsk for radio, fjernsyn og Internett, og dei beste øvingsoppgåvene vert sende i NRK Sogn og Fjordane. To faglærarar står for denne opplæringa, begge med lang røysle frå journalistikken, og med ein fot i han framleis. Dei har individuell gjennomgang

av sakene til den einskilde praktikanten, og kan spørjast til råds heile tida medan praktikantane er her.



lite distriktskontor, som vil henge med både lokalt- og nasjonalt.

NRK Sogn og Fjordane har høge ambisjonar og godt omdøme i så måte, og dei hadningane er det viktig å få inn i praktikantane også. Men når ambisjonen er å få minst ei av to tv-saker for dag på Dagsrevyen, så er det ikkje like enkelt å sleppe til for ei journalistspire. NRK Sogn og Fjordane skal etter malen i Vestlandsrevyen ikkje ha meir enn to saker for dagen der, men det er opna for høve til tre den tida det er praktikantar her. Men små tv-ressursar i høve til oppgåvene gjer og at det tidvis er mangel på fotografar, og det har gjort at ikkje alle kulla har fått like god opplæring i fjernsyn. Vi skal på nytt prøve å finne løysingar på dette.

Men på radio er det uttømmeleg med arbeid å ta fatt på, og arbeid nok til alle og vel så det. Nynorskpraktikantane vert ein del av den nyhendedriven som ligg i ryggmargen på NRK Sogn og Fjordane, både på radio og Internett, ei haldning vi vil dei skal ta med seg vidare i livet som journalistar – og som eg håpar redaksjonane som tek mot dei held ved like.

Distriktsredaktør **Kai Aage Pedersen** oppsummerer samarbeidet slik :



- *NRK Sogn og Fjordane har no hatt fire kull nynorspraktikantar til praksis i redaksjonen. For oss er det like spennande kvar gong kva talent Magni har fått tak i, men har etter kvart lært at det ikkje alltid er dei som er best første dagen, som blir dei beste journalistane etter eit knapt halvår ved Nynorsk mediesenter. Det er rett og slett kjekt å vera til stades og sjå at desse ungdommane knekkjer koden.*

Praktikantane må ta den bratte vegen mot journalistyrket - utfordringa for oss i NRK Sogn og Fjordane er å gi dei god nok rettleiing og praksis når dei treng det. Spesielt på fjernsyn har dette vore vanskeleg. Ambisjonane om å vera godt representerte i riksflatene kan vera vanskeleg å kombinera med opplæring, når kvoten vår er to innslag til Vestlandsrevyen kvar dag. Det beste er sjølv sagt ja takk begge deler, noko som skjer kvar gong ein nynorskpraktikant lagar stoff til Dagsrevyen, Her & Nå, Dagsnytt eller andre nasjonale sendingar. Då kjem Sogn og Fjordane på køyreplanen i rikssendingane og praktikantane får god øving. Statistikken viser då også at dette skjer jamt og trutt!

Og litt av vegen må bli til medan me går. Unge menneske under opplæring treng fleksible folk rundt seg, og det trur eg dei tilsette i NDSF er. Alle veit at Nynorsk mediesenter er viktig for oss, og dagleg fokus på god nynorsk og journalistikk i arbeidsmiljøet er svært stimulerande.

No gjer me klar til kull fem! Dei er hjarteleg velkomne!

Etter denne innføringa kjem dei i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, der dei fem praktikantane vert fordelt på radio, fjernsyn og Internett – for å praktisere det dei har lært. No er dei under vaktsjefane sitt mynde, og det dei lagar skal bli godt nok til å bli sendt. Dei arbeider jamsides dei andre journalistane i redaksjonen, som er lette å spørje til råds. Krava til tempo og kvalitet aukar etter kvart og dei får ei god innføring i kva som krevst av produksjon ved eit

Praksisplassane

Etter totalt fire månader i Førde er nynorskpraktikantane klare for to månaders ekstern praksis, i eller utanfor NRK. Til denne tid har NRK gjeve praksis til nitten av tjue praktikantar, den eine utanom var i TV2-nyhenda i Bergen. Praktikantane får ynskje seg praksisplass, og er ynskjemåla i samsvar med kva dei kan makte/ eignar seg til, så spør vi om praksis for dei der, og det har jamt over vore lett å skaffe praksisplassar, bortsett frå i barne- og ungdomsredaksjonen i Oslo.

Til denne tid har fjorten redaksjonar i NRK hatt nynorskpraktikantar i to månaders ekstern praksis, sju riksredaksjonar og sju distriktsredaksjonar (tal praktikantar i parantes) : Dagsnytt (4), P3NÅ (2), Dagsrevyen(1), Nitimen (1), Kulturnytt (1), Kulturbetet (1), Norgesglaset (1), NRK Møre og Romsdal (3), NRK i Telemark (1), NRK i Buskerud (1), NRK Nordland (1), NRK Hordaland (1), NRK Rogaland(1) og NRK Sogn og Fjordane(1). I tillegg har TV2 nyhenda i Bergen hatt ein nynorskpraktikant.

Nynorsk mediesenter betalar løna til praktikantane og dei redaksjonane som tek mot dei får kr.7000 per mnd. for å stille med ein dyktig fadder som kan rettleie og vurdere det praktikanten lagar, og gjere dette skikkeleg. Vi har jamt over gode røynsler med dette oppleget.

NRK Dagsnytt har hatt ein praktikant frå kvart kull, og journalist **Håvard Grønli** har vore ein svært omtykt fadder for dei fire som har vore der. Han skriv dette om røynslene sine :



- Som fadder for alle dei fire journalistane som Nynorsk mediesenter har sendt til NRK Dagsnytt, er eg blitt godt vand. For det har ikkje vore naudsynt å halde praktikantane lenge i handa. Dei var alle journalistar med godt språk. Dei handterte NRK sine arbeidsverkty med stø hand frå første time hos oss.

Når Dagsnytt har teke imot fire på rappen, er det fordi vi har fått noko igjen. Alle har etter kort tid levert nyheitssaker som høyrer heime i Dagsnytt sine sendingar. Mange av nynorsk-praktikantane sine reportasjar har også gått på topp.

Alle fire har brukt litt tid for å "knekke riks-koden": Kva er eigentleg ein god nok idé for rikssendingane? Men så lenge ein veit kva nyheitsjournalistikk er, så finn ein ut av den koden etter ei stund. Og journalistane frå mediesenteret har hatt god forståing for kva nyheter er.

Eg er oppteken av at nynorsken skal vere ein naturleg del av NRK sine sendingar. For å nå det målet, opplever eg Nynorsk mediesenter si praktikantordning som eit målretta verkemiddel. For eg har visst treft tre av dei berre i dag. Og den fjerde var då på lufta førre veke, skreiv Grønli 22.mai 2006.

Redaksjonssjef **Marina Tofting** oppsummerer slik etter fire nynorskpraktikantar : - *Det som skil nynorskpraktikantane frå andre praktikantar er at dei er gira inn på arbeidslivet og på vår produksjon. Dei er ikkje studentar som prøver seg litt, dei er journalistar i arbeid på ein arbeidsplass. Denne haldninga er viktig for oss i Dagsnytt. Dessutan har dei fått svært god innføring i arbeidsverktøya, noko som også er bra for oss. Den personlege oppfølginga er god og gjev gode resultat. Dagsnytt er svært nøgd med denne ordninga!*

NRK Møre og Romsdal har hatt tre praktikantar, og dk-redaktør **Hallstein Vemøy** har fått med seg to av dei der og ein medan han var nyhendesjef i Bergen. Det er på det grunnlag han skriv :

- Først av alt ser eg det som udelt positivt for NRK at der er ei eiga spesialutdanning for nynorskjournalistar. Tilbodet bidreg til eit større mangfold å rekruttere frå og det er også med på å auke talet på dedikerte nynorskbrukarar i NRK. Mediesenteret framstår som svært proffe i utvelging, opplæring, praksis og oppfølging, og på den relativt korte tida studentane er nynorskpraktikantar får dei viktig og matnyttig innføring i arbeidskvarden og -verktya i NRK. Dette gjer at dei kan gå raskt ut i produksjon når dei kjem ut i praksis. Erfaringane er difor samla sett nokså positive. Nokre av praktikantane er på grunn av deira alder og begrensa arbeidserfaring noko umodne når dei møter

arbeidskvardagen i redaksjonen. Med tanke på sjanske for vidare arbeid i ulike redaksjonar kunne det difor kanskje ha vore ein tanke å heve grunnkrava til dei ein tek inn.

Alder og kunnskap

Dei 20 nynorskpraktikantane vi har hatt til denne tid har vore i alderen 20 til 34 år når dei har gått her, med ein snittalder på 24 år. Alle har per i dag anten heil -eller deltidsarbeid i media. Atten er knytte til NRK, to arbeider utanfor. Eg veit ikkje om det er tilfeldig, men dei to som ikkje er i NRK var av dei best utdanna og eldste vi har hatt innom dørene. Men dei hadde ikkje råd til å gå som tilkallingsvikarar i NRK-systemet, dei trong fast inntekt for å betale studielåna sine. Dei hadde begge fagutdanningar som NRK har god bruk for, men i tilkallingsvikar-verda glipp dei for NRK. Det er eit tankekors både for rekrutteringa til NRK og Nynorsk mediesenter.

Dei som har "råd" til å gå som tilkallingsvikarar er dei som kan kombinere det med å studere. Det rår vi dei unge praktikantane til å gjøre, og når dei har fått foten innom ein redaksjon får dei samla seg viktig røynsle som journalistar. Dette går så lenge ein er ung og utan ansvar for andre enn seg sjølv, men talenta kan glippe for NRK om vi ikkje i tide får dei inn i eit fastare system. Jamt over er det er lettare å få "ordna forhold" ved distriktskontora enn i riksredaksjonane, sjølv om det finst døme på det motsette.



Vi ser at dei yngste (her snakkar eg om 20-åringane) jamt over tek ting raskast, føresett at dei har talent for journalistikk. Dei må ikkje lære seg av med akademisk skriving og drøftingar, som ofte kan vere i vegen for det korthogde journalistspråket og kva som er saka. Dei er svoltne på å lære og ivrige etter å syne kva dei evnar. Dei med fleire år og meir kunnskap i sekken må ofte bruke lenger tid på å knekke "journalistkoden" før dei får skikkeleg nytte av det dei har lært og røynt før dei kom hit. Berre eit halvår å gjøre det på er lite om ikkje dei redaksjonane dei kjem til i praksis vil ta arbeidet med foredlinga av dei som journalistar, også når dei er ferdige som nynorskpraktikantar. Nokre redaksjonar er verkeleg opptekne av å få tak i fleire nynorskbrukande journalistar, andre lurer eg på om kjem på det kvar gong dei ser meg ?


Nynorsken

Det er ikkje større medvit kring nynorsk i NRK enn at det trengst. Det er opplese og vedteke som eit språk som eignar seg for nyhende og på ein del distriktskontor. Men nynorsken er fråverande når det er snakk om underhaldning (med unntak av Are Kalvø), det er lite av han i barne- og ungdomsprogramma og NRK har svært få nynorskbrukande leiarar. Sidan både rekruttering og språkrørkt er eit leiaransvar er leiarane sitt forhold til nynorsken ofte avgjerande for medvit kring dette spørsmålet. Eg trur alle menneske er skapte slik at det språket dei sjølv brukar er dei næraast, det er det språkforskaranane kallar "hjartespråket".

Språkdebattane her i landet syner at det er mykje grums i folk sine haldningar til nynorsk. Distriktsredaktør Per Arne Kalbakk i NRK Østlandssendinga har fått røyne det etter at han tillet nynorsk i nyhendesendingane i Oslo. Han seier at han ikkje i sine villaste fantasiar hadde trudd at det fanst slike haldningar til nynorsk som han har fått høyre. Om nynorsk kan folk meine og seie høgt ting dei aldri ville våga seie om homofile, innvandrarar eller andre som straffelova vernar, seier Kalbakk. Dette er snakk om folk utanfor NRK, og vi vil helst tru at vi ikkje har dei innanfor. Vi forventar litt meir vidsyn, kultursyn og danning av dei som arbeider i NRK. Dei passar i alle høve munnen sin, og er neppe så ekstreme. Men det dett ut hint og forsnakkingar både til nynorskbrukarar og nynorskpraktikantane. Ofte er dei mest til å le av, som då ein nynorskpraktikant vart presentert for redaksjonen og det glapp ut av ein eldre medarbeidar : - Nynorskpraktikant ? Herregud så eksotisk ! Det høyrer med til historia at vedkomande oppførde seg svært eksotisk og hjelksamt etterpå, men eitt av dei to jamstilte språka her i landet er for mange svært så eksotisk.

NRK må ta meir på alvor at dei som vert tilsette meistrar både nynorsk og bokmål. Det er eit krav som har vatnast ut, noko som fører til at nrk.no har tinga Nynorsk mediesenter til å kurse nettjournalistar i nynorsk for å få opp nynorskprosenten på nettet. Det står att å sjå om nokon melder seg på desse kursa.

Mangelen på evne og vilje til å skrive nynorsk fører og til at nynorskbrukande journalistar i ulike redaksjonar har mykje meir arbeid med teksten som skal framførast. Bokmålsbrukarane tek det for sjølvsagt at dei får meldingane skrivne på bokmål, medan nynorskbrukarane mest utan unntak må omsette til nynorsk når dei skal lese noko. Nynorskbrukarane er tospråklege journalistar, men det bør alle journalistar i NRK vere. Det gjev også eit meir direkte og levande bokmål, og held liv i ein dagleg debatt om godt språk.



Maria Rivedal og P3NÅ- jentene som hadde dugnad på nvnorsk

Etter to års drift av Nynorsk mediesenter har vi berre hørt om eitt døme der det å få ein nynorsking inn i redaksjonen førde til at det gjekk sport i å skrive nynorsk. Det var då Maria Rivedal byrja som meldingslesar i P3NÅ, og dei andre jentene i redaksjonen innsåg kor mykje meir ho hadde å gjere, fordi ho heile tida måtte omsette. Dei henta framatt det dei hadde lært av nynorsk på skulen, hugsa etter korleis ei mor frå Jæren eller ein far frå Telemark snakka og etterkvart vart dei rett gode til å skrive nynorsk.

Meir røynde medarbeidarar i NRK tykkjer kollegaene skriv så därleg nynorsk – eller legg vinn på å skrive i "Sylfest Strutlestilen" – at det er betre å få meldingane på bokmål og omsette sjølv. Men det tek tid og dei med Strutlestilen seier mykje om eigne haldningar til nynorsk. Dei er "lett-versjonen" av dei haldningane Kalbakk møtte hjå sine vestkantfruer då han opna for nynorsk i Østlandssendinga, eller dei Inger Johanne Sæterbakk møter hjå eldre menn som nynorskbrukande journalist i NRK i Finnmark. Dei tykkjer det er forferdeleg at ho som nordlending brukar nynorsk !

Nynorsknormalen

Språk er også vane. Finnmarkingane hadde neppe reagert så sterkt om det var ein sunnmørning som las nyhenda på nynorsk. Men at ein nordlending kan finne på noko slikt hissar dei opp. Overfor slike nyttar det ikkje å snakke om at dialekten ligg nær nynorsk, osv. Dette gjeld i fleire område av landet. Det er og ulikt frå landsdel til landsdel kor vel ein kjenner seg med nynorsknormalen, som skal brukast i meldingstenesta i NRK, og som er den einaste samnemnaren vi har å halde fast i. Med hjelp av nynorskkonsulenten i NRK, Jon Peder Vestad og 1.amanuensis Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, prøver vi å gje nynorskpraktikantane ei innføring i høvet mellom dialekt og nynorsknormal – og deira eige mål i det lyset.

I det daglege er det faglærarane og vaksjefane i NRK Sogn og Fjordane som driv språkrøkta. Vaksjef **Gisle Espeland** i NRK i Telemark meiner vi er for strenge og vestnorske: - Som telemarking med dialektbakgrunn frå frontavsnittet mellom vikværsk og vesttelemarksk vil eg nok hevde at nynorsklærarane i Førde er vel KATOLSKE i sin iver etter å strigle austlendingar (les böheringar og drangedølar) i ein vestnorsk språknorma! "



Førde og nynorsken

Det har vore sagt at Nynorsk mediesenter kunne ligge kvar som helst, sjølv om NRK-styret la det til NRK Sogn og Fjordane med denne grunngjevinga: " for å ivareta de særlege oppgavene som Førde har i forhold til nynorsk språk og kultur". I prosjektgruppa som utgreidde Nynorsk mediesenter vart det lagt vekt på at nynorskpraktikantane her fekk oppleve at nynorsken prega både arbeidsplassen og omgjevnadane, og at det kunne gjere godt for ryggrada deira seinare. Vi som bur her på jamnen tykkjer bokmålet snik seg inn over alt, men sett med nynorsk-praktikantane sine auge er det ikkje fullt så gale :

– *Eg kjenner meg betre rusta for den bokmålsverda som ventar, etter nokre månader i "nynorsksona Sogn og Fjordane",* sa nynorskpraktikant **Maria Rivedal** då ho slutta her etter fyrste kullet.



Berigt Sønstebo Svendseid går fjerde kullet, og seier dette om Førde og språket : - *På Nynorsk mediesenter er dei opptekne av at praktikantane skal ha eit godt språk. Men også det å bu i Førde er med på å gjere nynorsken betre. I alle fall for ein austlending. Sjølv har eg vakse opp i ein kommune der nynorsken tar liten plass. Nynorsk var noko nokre få av oss skreiv på skulen, og las i lokalavisa om ein var heldig. Alle andre stader dominerte bokmål. Difor var det ei heilt ny oppleving å bu ein stad der nynorsken er ei sjølvfølgje. Der reklameplakatar, skilt og alt rundt deg er på språket ditt. For nokon som er dårleg vand med slikt, gjer omgjevnadane det lettare å halde på og jobbe med nynorsken. Språket flyt lettare når alle rundt deg nyttar det, og du blir minna på gode nynorskord som du hadde gløymt eller ikkje kjente til. Førde kjentest difor som eit pusterom der ein kunne konsentrere seg om språket sitt, i staden for å heile tida bli minna på at majoriteten nyttar bokmål.*

Røynde lærarar

Det er avgjerande for kvaliteten på undervisinga at vi held oss med faglærarar som er røynde og dyktige journalistar, og som har nær kontakt med yrket, helst praktiserar det jamnleg. Det har vi lukkast med heile tida og det er ein vesentleg grunn til at Nynorsk mediesenter og dei som kjem herifrå har fått eit godt omdøme. Faglærarane har vore handplukka og eg er svært godt nøgd med arbeidet deira. Vi er eit lite og tett lag som driv med dette, vi dreg i lag og har det kjekt.

Vi vert godt kjende med fem praktikantar i slengen, og når dei reiser er det mest som å sende eigne ungdomar ut i verda. Vi kjenner stoltheita når dei lukkast, og prøver å vere der når dei slit.



Journalist **Synnøve Hole** frå NRK Møre og Romsdal og journalist/fotograf/nettjournalist **Arild Nybø** frå NRK Sogn og Fjordane var med og drog i gong Nynorsk mediesenter. Hole var med på dei to fyrste kulla, Nybø berre på det fyrste. Han vart avløyst av fotograf/redigerar/journalist **Randi Indrebø**, med bakgrunn frå NRK Sogn og Fjordane og TV2. Då Hole reiste attende til Sunnmøre kom **Geirmund Henjum** attende til NRK, frå jobben som informasjonssjef for Lotteritilsynet. Han har lang røysnle som journalist og vaktsjef for radio og fjernsyn i NRK Sogn og Fjordane, og sams for alle fire er at dei tykte/tykkjer det er "kjekt å vere lærarar for så lærevillige folk ".

For dei komande to kulla skal **Sissel Rikheim** og **Merete Husmo Høidal** dele stillinga til Randi Indrebø, som har mammapermisjon til sommaren 2007. Sissel Rikheim er fotograf/redigerar/videojournalist i Program riks i Bergen, og Merete Husmo Høidal er fotograf/redigerar/journalist i NRK Sogn og Fjordane. Sidan dei har halv stilling kvar i Nynorsk mediesenter kjem dei til å ha ein fot i produksjon og ein i opplæring. Det er den ideelle kombinasjonen, som vi prøver å få til også for dei to faste faglærarane – Indrebø og Henjum – i dei korte periodane her ikkje er praktikantar i Førde.

Spennande gjesteførelesararar



Frå venstre Odd Isungset, Sigrun Slapgard, Linda Eide, Ingvild Bryn, Kari Sørbø og Ottar Grepstad.

I tillegg til faglærarne og dei tilsette i NRK Sogn og Fjordane brukar vi gjesteførelesarar i undervisinga. Både for å la praktikantane møte gode, nynorskbrukande føredøme, men og for å gje dei samfunnsinnsikt og kunnskap om at nynorsk er meir enn eit språk :det er ein identitet, ein kultur og ei historie.

– *Eg er uvanleg godt nøgd med opplegget. Eg legg merke til at førelesingane er veldig nøye definerte og avgrensa, noko som gjer det lett for oss som skal gjennomføre dei å vete kva me skal konsentrere oss om. Det vitnar om at det er MYKJE kunnskap om mediefaget og dei mange sidene av det. Så eg ser fram til vidare samarbeid og gler meg over at eg kan brukast, skriv programleiar **Kari Sørbø** i Her og No, som har førelese for dei siste kulla om "Den engasjerte programlearen".*

Dagsrevyanker **Ingvild Bryn** føreles for fjerde kullet om "Nyhendespråket": - *Eg var imponert over kor mykje studentane hadde lært på kort tid. Eg er også imponert over kor store ressursar som vert lagt ned og eg vonar studentane veit kor heldige dei er som får så eksklusiv og intens undervisning.*

Andre gjesteførelesarar som har vitja eitt eller fleire av dei fire første kulla er : Are Kalvø, Sylfest Lomheim, Morten Sandøy, TV2, Solveig Barstad, TV2, Ingunn Solheim/Håvard Kleppa, Kanal 24, Sigrun Slapgard, NRK, Odd Isungset, TV2/PFU, Audgunn Oltedal, Journalisthøgskulen i Oslo, Håvard Grønli, NRK, Sigrid Gjellan, NRK. Dei har snakka om alt frå humor, til etikk, programleiring, kommersiell radio, utanrikspolitikk, grensene i journalistikken, riksvinkling av nyhende og barne- og ungdomsprogram. Linda Eide er her fast og snakkar om "Radio", Eva Westvik om TV-komentaren, banksjef Arve Sandal om "Sogn og Fjordane – fyrste praksisfylke", direktør for Nynorsk kultursentrum Ottar Grepstad om "Historia og folka bak nynorsken", nynorskkonsulent Jon Peder Vestad om "Språkreglane i NRK" og 1.amanuensis Jan Olav Fretland om "Tal dialekt - skriv nynorsk, om dialekt og normering". Logoped Jorid Løvbakk er og eit fast innslag med ein dags trening i stemmebruk. Elles vitjar praktikantane og faglærarane NRK på Marienlyst og i Ålesund, TV2, P4 og Kanal24, Nynorsk kultursentrum i Ørsta, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget.

Nynorskpraktikantane - kven er dei og kvar vert dei av ?

Til denne rapporten ba eg dei 20 nynorskpraktikantane vi har sendt frå oss om ei fersk oppdatering om stoda for deira del. Nokon rakk å svare meg før det vart streik, difor er det lengre svar frå nokon, medan eg berre skriv kvar dei andre er for tida. Eg tek og med litt om

bakgrunnen deira før dei vart nynorskpraktikantar, slik at det ikkje skal sette seg ein myte om at alle har lite utdanning før dei byrjar.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Frå venstre Asgeir Reksnes, Bergit Sørstebø Svendseid, Erlend Blaalid Oldeide, Ingrid Aanestad og Øystein Windstad.

Asgeir Reksnes, fødd 1979, frå Eid i Sogn og Fjordane, har praksis i NRK Sogn og Fjordane. Han har mastergrad i historie ved Universitetet i Oslo. Skreiv masteroppgåve om nord-sør-konflikten, med utgangspunkt i WTO-forhandlingane. Har mellomfag i samanliknande politikk og samfunnsøkonomi, og delfag i informasjonsvitenskap.

- Under eit så intensivt opplegg er det heilt naudsynt å ha ei praktisk tilnærming, og for min del har det fungert veldig fint. Ikkje minst har vi mykje nytte av det vi lærer i det daglege arbeidet i ein redaksjon. I praksisen kjem ein over mange av dei etiske og faglege utfordringane som er ein del av journalistkvardagen. Haldningane eg har møtt har vore framifrå.

Bergit Sørstebø Svendseid, fødd 1984, frå Drangedal i Telemark, har praksis i NRK Dagsnytt. Ho er Bachelor i internasjonale studiar ved Universitetet i Oslo, med emna statsvitenskap, historie, økonomi og juss. Ho har vore aktiv i Changemaker, ungdomsrørsla til Kirkens Nødhjelp.

- Eg har blitt tatt veldig godt mot her i Dagsnytt, og trivst godt. Det er utfordrande og moro å få jobbe med saker som har noko å seie for folk over heile landet. Overgangen frå NRK Sogn og Fjordane har vore både liten og stor. Men den største skilnaden er nok at eg her får bruke tid til å grave og få god lyd, om ein har ei god sak. Då er det også ekstra moro å få saka på lufta etterpå.

Erlend Blaalid Oldeide, fødd 1984, frå Vågsøy i Sogn og Fjordane, praksis i NRK Nordland. Har studert administrasjon og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen og vore medlem av Vågsøy kommunestyre. Han har no meldt seg ut Arbeidarpartiet og satsar på journalistikken.

- Har det gått 3 veker allereie? Eg har blitt kasta rett ut i det frå første augneblikk. Etter 20 min. på jobb første dagen, diskuterte radio- og TV-vaktsjefen kven som skulle få bruke meg. Eg har laga saker til både lokal- og regionalsendingar, og vore inne direkte. Mottakinga som nynorskbrukar har vore udelt positivt frå publikum, og Nord-Norge er ei oppleving i seg sjøl

Ingrid Aanestad, fødd 1983, frå Bryne i Rogaland. Ho har praksis i Kulturbetet i NRK P2. Har studert litteratur og lingvistikk ved universitetet i Montpellier i Frankrike, kjønnsvitenskap ved universitetet i Göteborg og teke forfattarstudiet ved Høgskulen i Telemark. Ingrid skriv både skjønnlitterære tekstar og sakprosa, og debuterer med ein roman til hausten.

- Å vera nynorskpraktikant med praksis i kulturavdelinga i P2 er ein draumesituasjon. No får eg brukta det eg lærte i Førde til å jobba med saker som verkeleg opptek meg. Eg tviler på at eg hadde fått eit bein innafor her dersom det ikkje hadde vore for Nynorsk mediesenter. For meg som har studert nokre år, er det dessutan godt å oppleva at kunnskapane mine fungerer i praksis

Øystein Windstad, fødd 1983, frå Aukra i Møre og Romsdal, praksis i NRK Møre og Romsdal. Har to-årig journalistutdanning frå Høgskulen i Bodø, med avis som fordjuping. Har vore fylkesleiar for AUF i heimfylket, men har medt seg ut av politikken for å satse på journalistikken.

- Så langt har praksisperioden vore heftig! Har fått jobbe som ein "tykke" og fått vite kva deadline og tidsfristar er. Som normalt er i progresjonen så har eg fått større oppgåver og meir tillit. Eg kjem på jobb, sjefane skal ha ei sak til Dagsnytt, og eg får jobben med å fikse saka. Då går det hett, og stressfaktoren har vore skyhøg. Men det er artig og lærerikt. Får jobbe med eigne saker som det både blir radio og tv av. Eg trivst med andre ord godt med meir tillit og endå litt større oppgåver i Møre og Romsdal

Dei tre karane på fjerde kullet har fått seg sommarjobbar i NRK Møre og Romsdal og NRK Sogn og Fjordane. Etter dei skussmåla dei to damene fekk i praksis trur eg det lagar seg med meir arbeid for dei og. Underteikna brukar å besøke praktikantane når dei er i ekstern praksis, både for å snakke med dei, fadrane og redaksjonsleiringa. Denne gongen rakk eg berre rundt til tre av fem før det vart streik.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Frå venstre Håvard Hamnaberg, Karoline Kalstveit, Gisle Forland, Marita Haugo og Sølve Rydland.

Håvard Hamnaberg, fødd 1978, frå Vågsøy i Sogn og Fjordane. Sivilingeniør frå NTNU, med industriell økonomi og teknologileiing. Diplomoppgåve om Hydro sitt prosjekt i Qatar. Har og mastergrad i allmenn litteraturvitenskap. Var aktiv i Studentersamfunnet i Trondheim og i Unge Venstre. Som nynorskpraktikant hadde han ekstern praksis i Kulturnytt i P2, der han fekk kontrakt som tilkallingsvikar etterpå. Arbeidde både som reporter og avviklar, men tykte det vart for ujamn økonomi å betale studielånet med. Fekk fast jobb som nettjournalist i Carbonytt, ein nettstad for analyse og sal av Co2-kvotar. Der må han skrive engelsk !

Karoline Kalstveit, fødd 1984, frå Vindafjord i Rogaland. Etter avslutta vidaregåande som Diplomkandidat ved International Baccalaureat (IB) ved St. Olav vidaregåande skule i Stavanger, gjekk ho friluftslina "Hav" ved Lofoten folkehøgskule. 16 år gammal reiste ho til Venezuela som utvekslingsstudent gjennom organisasjonen Youth for Understanding. Der lærde ho seg spansk. Karoline ynskte seg ekstern praksis i NRK Rogaland, og der vart ho tilsett i eit vikariat så snart ho var ferdig som nynorskpraktikant.

- Eg har vakse mykje på å vera nynorskpraktikant. For det første har eg fått meg eit yrke, eg kan kalla meg journalist og stå for det. På Nynorsk mediesenter lærte eg mykje om praktisk journalistikk. Eg var godt rusta til å gjera ein god jobb då eg kom ut i praksis, noko som sikra meg det vikariatet eg har i NRK Rogaland nå. Med praksisen frå Nynorsk mediesenter og arbeidet vidare i NRK Rogaland har eg lært meir om samfunnet og kva som er ei god sak. Eg kjenner at eg aldri kjem til å bli utlært. Heldigvis kan ein alltid gjere ting betre og vera meir kreativ når ein lagar saker. Nynorsk mediesenter har skaffa meg ein jobb, og i tillegg har eg lært mykje om meg sjølv. Men det eg har lært aller mest om på Nynorsk mediesenter er å læra. Eg trur me nynorskpraktikantar har eit bra utgangspunkt for å læra å bli betre journalistar på eiga hand, eller å ta til oss kunnskap frå universitet/høgskule som er nyttig i journalistyrket.

Gisle Forland, fødd 1981, frå Mosjøen i Nordland. Bachelor i informasjon og media frå Høgskulen i Volda, og har studert samfunnsplanlegging og økonomi ved same skulen. Arbeidde i kommunikasjons- og marknadsavdelinga i Rolls-Royce Marine i Ulsteinvik attåt studia. Har bakgrunn frå nærradioen i Mosjøen. Som nynorskpraktikant hadde han ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal, der han heldt fram som tilkallingsvikar og har arbeidd mykje. Han har også sommarjobb ved kontoret i Ålesund.

- *Nynorsk mediesenter har gjeve meg ein enorm fordel. Mangfaldet ved å meistre både radio, fjernsyn, kamera og Internett er den største gevinsten. Mirakeloppahdet i Førde har omforma meg frå ein gutunge med ein puslete draum til ein vaksen kar med eit mål.*

Marita Haugo, fødd 1982, frå Nesbyen i Buskerud. Har treårig medieutdanning frå Merkantilt institutt (MI) i Oslo, studiar i sosiologi ved Universitetet i Oslo og har arbeidd i studentradioen Radio Nova. I Nesbyen var det berre bokmål som hovudmål i skulen då Marita rakk i den, og ho ynskte å få betre samsvar mellom talemål og skriftspråk då ho søkte Nynorsk mediesenter. Ho hadde vore frilansar for Hallingdølen. Som nynorskpraktikant hadde Marita praksis i NRK i Buskerud, der ho vart tilkallingsvikar etterpå og no sommarvikar :

- *Eg hadde ein fordel då eg kom inn i redaksjonen her fordi eg alt kunne dei fleste rutinane/programma, og hadde produsert innslag så det gjekk kjapt og greitt. Andre som har kome hit har brukte opp mot tre dagar på å lære seg programma. Mange her er veldig glade for at folk brukar nynorsk og eg får mykje skryt for at eg brukar hallingmålet mitt. Eg er kjempefornøgd med den opplæringa eg har fått, har hatt god nytte av ho i arbeidet mitt og tilrår ho til andre.*

Sølve Rydland, fødd 1984, frå Lindås i Hordaland. Har studert informasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen og gått friluftslina "Hav" ved Lofoten folkehøgskule. I 1993 fekk han saman med ein kamerat Miljøprisen til Hordaland fylkeskommune for aktivt miljøarbeid i lokalmiljøet. Han har sitte i Ungdommens kommunestyre i Lindås. Sølve Rydland hadde ekstern praksis i NRK Dagsnytt, der dei tilbydde han sommarjobb etterpå. Men han hadde bestemt seg for å studere i Bergen frå hausten av, så han tok heller eit vikariat i NRK Hordaland, der han er no.

- *Det er særleg tre ting eg synst er bra med "Nynorsk mediesenter-metoden":*
**Det viktigaste trur eg er at ein heile tida lærer ting med "å gjera det", og at vegen frå teori til praksis er kort. Det tek ikkje mange dagar før ein får prøva seg "ute i felten" med opptaksutstyr og redigeringsprogram.*
**For det andre får ein tett oppfølging. At gruppa er på berre fem personar, og at ein heile tida har to lærarar ein kan spørja, gjer at samanlikna med andre skulesituasjonar er læringa meir intensiv.*
**Elles trur eg at det er viktig at ein frå første dag er nær ein aktiv nyhetsdesk. Dermed får ein inn tankegangen og får kjenna nyheitspulsene med ein gong. Eg trur til dømes at det er nyttig frå dag ein å vera med på morgonmøte, å høyra dei faglege diskusjonane og å høyre korleis ideane som til slutt vert til ei radio- eller tv-sak på ettermiddagen høyrest ut tidleg om morgonen.*

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Frå venstre Solveig Hareide, Eli Vaage, Ingebjørg Bø, Birte Njøsen Horne og Janne-Marit Myklebust

Solveig Hareide, fødd 1983, frå Flora i Sogn og Fjordane. Hoppa mellombels av studiet i medieproduksjon ved NTNU i Trondheim for å gå Nynorsk mediesenter. Har i to somrar vore

medprogramleiar i det interaktive ungdomsprogrammet "Parasoll" på NRK2, og fullfører no mellomfag i medieproduksjon og er frilansar for P3 på Tyholt.

Eli Vaage, fødd 1984, frå Lindås i Hordaland. Hadde byrja på medievitskap med spesialisering i film og fjernsynsporoduksjon ved Universitetet i Bergen då ho fekk plass på Nynorsk mediesenter. Gjekk Verdsgymnaset (UWC) i Fjaler, og hadde vore med både i Ungdommens kommunestyre i Lindås og Ungdommens fylkesting i Hordaland. Som nynorskpraktikant var ho ein månad i praksis i Dagsrevyen og ein i Dagsnytt, og vart tilkallingsvikar i Dagsnytt etterpå. Ho studerer spansk, retorikk og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo, og er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt, NRK Østfold og i P3, og har tilbod om eit årsvikariat i P3-nyhenda i Trondheim.

- Etterkvart som tida går, ser eg betre og betre kva for ein unik sjanse eg fekk i Førde. Eg hadde ikkje kunna drøymd om å vera tilkallingsvikar i både Dagsnytt, P3-nyheitene og distriktskontoret i Østfold hadde det ikkje vore for den utlysinga i Dag og Tid den hausten! Når eg treff praktikantar frå andre stader, hender det ofte eg tenkjer at den praktiske læringsmåten de brukar i Førde gjer eit fantastisk fortrinn med tanke på korleis arbeidsdagen til ein journalist FAKTISK er. Det hjelper lite å lære presseetikk på skulebenken i tre år dersom ein ikkje kan setje teorien ut i praksis. Men de bør ikkje plassere praktikantane i for tronge båsar medan dei er i Førde. Eg fekk høyre at eg var eit nyhetsmenneske, andre var "magasinfofolk", osb. Ikke noko gale i å få høyre at ein har talent for ein ting, men så tidleg i "prosessen" kan det vera fint å sjå i breidda.

Ingebjørg Bø, fødd 1977, frå Bø i Telemark. Cand. philol med hovudfag i kulturstudiar. Skreiv hovedoppgåve om "Sidemålsdebatten i Oslo 2000 – 2001, med sideblikk på Det Europeiske språkåret 2001". Hadde fleire studieopphold i utlandet og var journalistvikar i Vest Telemark då ho vart nynorskpraktikant. Aktivt organisasjonsmenneske og felespelar, og styreleiar for Telemarkfestivalen, ein godt etablert internasjonal folkemusikkfestival i Bø. Ingebjørg hadde praksis i NRK Telemark, og var frilansar der til ho tok mammapermisjon frå februar 2006.

Birte Njøsen Horne, fødd 1984, frå Flora i Sogn og Fjordane. Hadde studert medievitskap ved NTNU i Trondheim då ho byrja som nynorskpraktikant. Aktivt organisasjonsmenneske og har mellom anna site i Ungdommens bystyre i Flora. Gjekk lina for tv-journalistikk ved Skjeberg folkehøgskule. Som nynorskpraktikant hadde Birte praksis i Nitimen/Reiseradioen, etterpå fekk ho sommarjobb og eit vikariat i NRK Sogn og Fjordane. Har etter nyttår vore frilansar i Bergen, for mellom anna Nitimen og har sommarjobb i NRK Reiseradioen.

Janne-Marit Myklebust, fødd 1981, frå Ørsta i Møre og Romsdal. Bachelor i medievitskap frå Universitetet i Bergen, med faga religionsvitenskap, informasjons – og medievitskap. Har gått medielina ved Namdalen folkehøgskule. Janne-Marit hadde praksis i NRK Hordaland, der ho har vore tilkallingsvikar etterpå, attåt studiar i engelsk ved Universitetet i Bergen. I sommar har ho takka ja til sommarjobb i Sunnmørsposten.

- Sidan midten av januar har eg vore på jobb nesten kvar dag. Har jobba 50-50 i radio og TV, og kjenner meg meir og meir sikker for kvar dag som går. Føler at eg har "knekta" koden, og at eg klarer jobben som journalist veldig bra. I NRK Hordaland er dei flinke med å gi tilbakemeldingar og rettleiing. Eg har sjølv sagt snust litt etter andre jobbar rundt om i det ganske land, og har opplevd ein bråte med positive tilbakemeldingar. Det viser seg at min kunnskap om radio og nett er overraskande positive eigenskapar når eg har søkt jobbar. Det ser ut til at opplæringa og praksisen frå Nynorsk mediesenter har opna for jobbmoglegeiteg eg berre kunne drøyme om før.

Som student følte eg at eg ikkje kom nokon veg. Eg sat og gjespa meg gjennom den eine teoretiske forelesinga etter den andre. På Nynorsk mediesenter har de skjønt det. "Å lære ved å gjere"-metoden er ein idé fleire burde bruke. Å sitte som passiv tilhøyrar mot det å få gå ut og gjere faget til sitt eige, er som å lære å symje etter fleire år med vassing i vannkanten ; Først er det litt famlande, men med stødige og erfarte symjarar, som i NRK Sogn og Fjordane, så kjem ein seg over til andre sida utan problem.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Frå venstre Eli Bjelland, Knut Åge Teigen, Svein Ove Hansli, Maria Rivedal og Inger Johanne Sæterbakk.

Desse fem var prøvekaniner for heile opplegget. Dei var klar over det og medverka sjølve til å sette standarden. Fyrste kullet var i Førde i fem månader og berre ein i ekstern praksis, noko som vart endra til fire månader her og to månader i andre redaksjonar i og utanfor NRK. Men til denne tid er det berre Eli Bjelland som har vore i praksis utanfor NRK. Det kjennest tryggast å vere der ein har lært rutinane og systema ein skal bruke, og NRK-systemet har utan problem teke unda nitten nynorskpraktikantar.

Eli Bjelland, fødd 1981, frå Stord i Hordaland. Sidan ho var ferdig som nynorskpraktikant har ho arbeidd i NRK Hordaland med radio, fjernsyn og Internett. Har to års journalistutdanning frå Høgskulen i Bodø, med avis som fordjuping. Skreiv hovudoppgåve om "Svertedauden – om nynorskjournalistar iført tvangstrøye i riksavisene ?" Hadde og gått medielina ved Møre folkehøgskule før ho byrja som nynorskpraktikant. Praksis i TV2 nyhenda i Bergen.

Knut Åge Teigen, fødd 1970, frå Årdal i Sogn. Cand. mag med faga statsvitenskap, historie, engelsk, religionsvitenskap, praktisk-pedagogisk utdanning og spes.ped. Lærar ved Ringstadbekk ungdomsskule i Bærum i fleire år. Hadde praksis i NRK Møre og Romsdal, og fekk etterpå jobb som pedagogisk konsulent i videoselskapet Snøball og forlaget PAN i Oslo.

- I haust avsluttar vi prosjektet "Naturfag i praksis"- ein serie med filmar om god naturfagundervisning i barneskulen laga i samarbeid med Naturfagsenteret. Då byrjar eg på eit nytt spennande prosjekt ; "Nynorsk i praksis" – der skal me laga filmar over same lest som i dei andre filmane i "I praksis-serien". Det vert filmar om god sidemålsundervisning som kan vera til inspirasjon og til hjelpe i etterutdanning for lærarar og lærarstudentar. Det har sjeldan vore noko større prosjekt om sidemålsundervisning og -metodikk, so det skal bli spennende. Me vonar trøngen for slik undervisningsfilm er stor. "Nynorsk i praksis" skal lagast i samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i løpet av skuleåret 2006/ 2007. I tillegg til å planlegga filmopptak, skriva tekstar, somme gonger ha regi i naturfagfilmane, so har eg også lagt stemme på den fyrste "nynorskfilmen" til Snøball, ein film om småkraftverk for NVE.

Svein Ove Hansli, fødd 1976, frå Vinje i Telemark. Cand. mag med faga historie, kristendom og idrett. Var med på å få i gang ekstrem sportbladet "Fri flyt" i Bergen. Han hadde praksis i NRK Dagsnytt, og fekk eit vikariat i NRK Sogn og Fjordane då han var ferdig som nynorskpraktikant. Var radio – og fjernsynsjournalist i Førde til nyttår 2005, og er no i NRK Dagsnytt.

- Som nynorskbrukar er du som oftast i mindretal og mange gonger også heilt åleine i redaksjonen. Då er det ekstra viktig å vere trygg på ditt eige språk og vere sikker på at det du gjer er rett. No jobbar eg i NRK Dagsnytt og det er veldig mange som høyrer det eg seier på lufta - og mange av lyttarane er klare med raudpennen.... Som nynorskpraktikant vart me budde på at tilværet som nynorskbrukar kan vere vanskeleg og at det er ekstra viktig å ha eit medvite forhold til eige språk. Månadane i Førde gjorde at eg vart tryggare i å bruke både dialekten min og nynorsk - eg fekk rett og slett betre språkleg sjølvtilleit.

Sidan eg er nynorskbrukar som kjem aust frå vasskiljet er ikkje vegen så lang til å normalisere mot bokmål. Eg møter veldig mange dømer på kollegaer som brukar bokmål, sjølv om dei har ein dialekt i botn som skulle tilseie at dei legg nærmare å normalisere til nynorsk. Sjølv om det mest naturlege for

meg er å bruke nynorsk, har Nynorsk mediesenter gjort at eg har eit veldig medvite forhold til val av språk.

Maria Rivedal, fødd 1981, Naustdal i Sogn og Fjordane, men oppvaksen i Oslo. Var tospråkleg som barn og ungdom, men bestemte seg for at nynorsk var hennar norsk då ho budde i Sveits i ungdomsåra. Ho gjekk vidaregåande ved College International Brilliantmont i Lausanne, og etter at ho kom heimatt studerte ho islandsk språk, litteratur og samfunn, amerikansk og britisk litteratur, spansk og kulturvitskap ved Universitetet i Bergen. Som ung jente var ho medprogramleiar radioprogrammet ABRS i NRK. Nynorskpraktikanten Maria hadde praksis i P3 NÅ i Trondheim, og har arbeidd i P3 sidan den tid. No arbeider ho i tillegg for andre kanalar på Tyholt, t.d. som researchar for Newton og vikar for filmmeldar i "Filmpolitiet". I sommar skal ho arbeide i P1 si musikkavdeling, som vaktsjef og programleiar for mellom anna "Norsk på norsk".

- Har du verkeleg lyst til å bli journalist, så er Nynorsk mediesenter eit ypperleg springbrett. Opplæringa vi får på senteret, og ikkje minst av NRK redaksjonen i Førde, rustar oss til arbeidslivet og ekstern praksis. Der kan vi gå rett inn og lage saker på lik linje med andre. På den måten legg folk merke til deg. Ein ligg på eit anna nivå enn andre praktikantar som kjem frå journalisthøgskulane og får ein klar fordel med tanke på vidare jobb.

I P3 har vi hatt nyheitsavviklarar og programleiarar som nyttar nynorsk og det blir stilt strenge krav til reporter om å skrive nynorsk. Det gjekk kanskje litt seigt i starten, men når eg etter ei stund spurde korleis det gjekk, var det ikkje noko stort problem. Det var nesten litt artig. Og nokre tok seg i å skrive ord på nynorsk når dei ikkje trøng det. Det viktigaste ein nynorsk-journalist kan gjere er å stille krav, ikkje undergrave seg sjølv og målforma.

Inger Johanne Sæterbakk, fødd 1981, i Bodø, oppvaksen på Orkanger i Sør-Trøndelag. Reknar seg for nordlending og gjekk over til nynorsk hovudmål på Orkdal vidaregåande skule. Har studert etnologi og folkloristikk, nordisk språk og litteratur og færøysk. Har vore redaktør av "Motmæle", medlemsavisa til Norsk Målungsdom og gått teaterlina ved Skjeberg folkehøgskule. Er leiar for Mediemållaget, og hadde praksis i Norgesglaset. Der heldt ho fram etterpå også, og frilansa for NRK Trøndelag og NRK Hedmark og Oppland. Men ho ville ha fastare arbeid og nye utfordringar og drog til eit vikariat i NRK i Finnmark., Vadsø.

- Eg har blitt tatt godt i mot alle stader i NRK. Som praktikant på første kullet trur eg ein del har vore nyfikne på kva Nynorsk mediesenter driv med. Etterkvart som eg har fått erfaring og kontaktar i fleire redaksjonar, føler eg at eg står på eigne bein som journalist. Det som har vekt mest merksemeld internt og eksternt er at eg brukar nynorsk, sjølv om eg er nordlending.



I NRK har det blitt tatt godt i mot, men etter at eg flytta til Finnmark har eg møtt ein del motbør når det gjeld språket mitt. Då eg reiste opp hit tenkte eg ikkje så mykje på at nynorsk kunne bli eit problem, fordi det ikkje er noko alternativ til å bruke nynorsk for meg. Eg saknar nokon å drodle med når det gjeld språkføringa, og i ein periode vart det litt slitsamt med tilbakemeldingar frå lyttarane. Men etter at eg "stod fram" i avis Finnmaren, har eg berre fått tilbakemeldingar frå folk som seier at eg har fått dei til å reflektere over sitt eige forhold til språk. Det har berre vore positivt. No tenker eg ikkje så mykje på at eg er einaste nynorskbrukbar i redaksjonen, utover at det er litt ekstraarbeid for meg i kvardagen.

I periodar på Nynorsk mediesenter synst eg det vart for mykje nynorsk, og for lite journalistikk. Der og då, i eit nynorskmiljø i Førde, såg eg ikkje heilt behovet for det. Men no når eg er einaste nynorskbrukbar i NRK Troms og Finnmark, har eg nytte av det. Eg håpar Nynorsk mediesenter kan rekryttere fleire med anna dialektbakgrunn enn vestnorsk i framtida.

Røynslene med Nynorsk mediesenter

Fjorten distrikts - og riksredaksjonar har hatt nynorskpraktikantar i praksis til denne tid. Med unntak av TV2-nyhenda i Bergen er det NRK redaksjonar. Det har vore lett å skaffe dei praksis, bortsett frå i barne- og ungdomsredaksjonen i Oslo. Der sa leiaren Kalle Furst at dei som ville dit måtte søkje eit halvår i førevegen, dvs. før dei kom inn her. Men dette er ikkje noko utbreidd haldning, tvert om har fleire redaksjonar meldt interesse for praktikantar, men ikkje fått det enno. Vi prøver å fylgje ynskjemåla til den einskilde praktikant lengst råd, og vurderer kvar dei høver utfrå interesser, talent og kor langt dei har kome i utviklinga som journalistar.

Vi har kontakt med praksisredaksjonen både før praktikanten kjem, medan han/ho er der og vi får ei vurdering av praktikanten til vitnemålet/attesten deira. Medan praktikantane er i praksis besøkjer eg alle redaksjonane og snakk med praktikantar, fadrar og redaksjonsleiring, og evnt. andre som måtte ha noko å seie meg. Denne kontakten er viktig både for praktikantane og oss, på denne måten held vi oss oppdaterte på kva som krevst, kva som bør gjerast annleis og kva framtidssutsiktene er. Både nynorskpraktikantane og eg vert svært godt mottekte, og både dei og Nynorsk mediesenter får jamt over gode skussmål. Eg kan i alle høve ikkje tru at så mange berre pratar oss etter kjeften.

I byrjinga trur eg Nynorsk mediesenter drog nytte av NRK Sogn og Fjordane sitt gode omdøme som eit aktivt og godt nyhendekontor, og det er framleis ein fordel for praktikantane å ha trakka sine fyrste barnesko som journalistar i nettopp den redaksjonen. Etterkvart byggjer omdømet vårt og på dei praktikantane vi har sendt ut i verda, som slett ikkje har gjort skam på oss.

Her er nokre ferske tilbakemeldingar frå leirarar om røynslene deira med Nynorsk mediesenter :



Nyhenderedaktør Per Anders Johansen, NRK Dagsnytt, som har hatt fire nynorskpraktikantar: "NRK Dagsnytt er svært nøgd med praktikantane frå Nynorsk mediesenter. Dei har vore ein stor ressurs for redaksjonen! Alle praktikantane fra Nynorsk mediesenter i Dagsnytt, har laga journalistikk på eit høgt nivå, av god kvalitet og med sikker språkleg framføring

- Vaktsjef Line Hødbebø, Kulturnytt, P2**, har hatt ein nynorskpraktikant og ser desse fordelane :
1. Vi får økt andelen nynorsk i radio og tv-sendinger - noe som vanligvis kan være en utfordring siden vi har base i Oslo.
 2. Spennende å ha journalister med litt annen bakgrunn enn Volda og Journalisthøgskolen. Tilfører redaksjonen nye ideer og vinklinger.
 3. Håvard Hamnaberg som var hos oss i 2 mnd. Utviklet seg enormt i denne tiden. Lærte seg å bli en svært habil reporter. Nå har han fått fast skrivende jobb utenfor NRK.
 4. Forfriskende for miljøet å få inn andre hoder og stemmer i kortere perioder.
 5. God måte å utdanne nye tilkallingsvikarer for NRK, nettopp fordi opplæring i digas og nyhetsjobb er fokus. Dette ville vært kostbart for de enkelte redaksjoner. Vi tar gjerne mot flere til høsten !

Redaksjonssjef Svein-Arne Gregersen, NRK Nordland, har den fyrste nynorskpraktikanten no, og etter tre veker skriv han : - Litt tidlig å felle en endelig dom over Erlend, men starten har vært meget lovende. Han er på hugget, har ideer og han løser sakene på en utmerket måte. Kort sagt: Han har journalistisk teft. I tillegg er han arbeidssom, og han har godt språk og fin framføring - radio/TV passer ham utmerket.

Redaksjonssjef Tone Donald, P3, har hatt to nynorskpraktikantar : - Min erfaring med Nynorsk mediesenter er at det fungerer godt som samarbeidspartner. Praktikantene fra Nm har en annen innfallsvinkel og erfaringsbakgrunn enn praktikantene fra Volda. De har mer praksis fra virkeligheten, men har ikke like lang utdannelse i journalistisk tankegang.

Dk-red. Lars Harald Alstadsæter, NRK Østafjells, har hatt to nynorskpraktikantar : - Vi har hatt praktikanter fra Nynorsk mediesenter i redaksjonene i Telemark og Buskerud. Tilbakemeldingen fra redaksjonen i Porsgrunn er at vi er svært godt fornøyd. Spesielt over at dere klarer å banke utrolig mye journalistikk inn i hodet på folk i løpet av kort tid. De kan mye journalistikk og teknikk når de kommer ut i praksisperiodene.

I redaksjonen i Buskerud har det vært en praktikant fra Nynorsk mediesenter. Vår vurdering var at praktikanten kom til oss godt forberedt og med de kunnskapene som var nødvendig for å sette henne i arbeid. Slik sett var hun flinkere enn veldig mange andre vi har hatt i praksis fra høgskolene. Hun var også litt mer forberedt på hva vi venter oss av en journalist. Hun stilte som regel på morgenmøte godt forberedt og hadde egne idéer. Redaksjonen i Buskerud tar derfor gjerne i mot flere praktikanter fra Nynorsk mediesenter.

Redaksjonssjef Ellen Ingunn Andersen, Program Riks, Tyholt, har hatt ein nynorskpraktikant : - Etter det jeg kan forstå har vi hatt fin-fin erfaring med Nynorsk mediesenter gjennom/med Inger Johanne Sæterbakk, som var hos oss i fjor vår/sommer. Vi fikk ei språkopptatt og stødig jente med hørbar språkglede i det hun laga. Hun virka dedikert i fra første praksisdag og vi fikk mye tilbake både under praksisen og gjennom sommeren. Slik ser jeg det. (Og det ryktes godord fra Finnmark der hun er nå).

Pål Karlsen, sjef for Snöball Film : - Vi ansatte tidligere praktikant Knut Åge Teigen i 50% stilling fra mars i 2005, han kom direkte fra Mediesenteret. Tittelen hans er "pedagogisk konsulent" fordi det var først og fremst hans pedagogiske bakgrunn som var interessant for oss da. Men etter hvert har vi sett at han kan mer og nå jobber han i praksis aktivt med filmproduksjon på mange områder: produksjonsplanlegging, manus, regi og etterarbeid sammen med klipper. Det fungerer utmerket og han jobber meget selvstendig med sine prosjekter. Han bidrar også mye på prosjektutvikling.

For oss har det også vært meget OK å få inn en nynorskbruker. Vi har laget vår første presentasjonsfilm på nynorsk, den ville ellers helt sikkert blitt på bokmål om ikke Knut kunne tatt hånd om både det språklige og selve innlesingen av voice. Snöball lager undervisningsfilm og informasjonsfilm.

Kursverksemda - Munn og mæle



Nokre av kurshaldarane til Nynorsk mediesenter. Frå venstre : Magni Øvrebotten, Ragnvald Søgne sand, Inge Kjell Holme, Geirmund Henjum, Wenche Schanke Eikum, Arve Sandal, Jan Olav Fretland og Randi Indrebø.

Munn og mæle er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter. Kursa skal skaffe inntekter til drifta av senteret, og løvingane frå NRK skal ikkje nyttast til kursverksemd. For å synleggjere at kursa er noko anna enn praktikantordninga kallar vi kursverksemda "Munn og mæle".

Vi ynskjer å gje kursdeltakarane kunnskap om og trening i media og nynorsk, som gjer dei trygge og frimodige nok til å vere seg sjølve og våge seg frampå i mediesamfunnet. At folk meistrar det er til fordel både for demokratiet, mangfaldet i media og dei som arbeider der, som slepp mange usikre intervjugpersonar og vegring mot intervju.

Det er eit mål også for media at folk skal kome fram med det dei meiner og står for, og ikkje skugge unda i frykt for å dumme seg ut. Aktive journalistar korkje kan eller skal drive med

medietrening av fare for ugildskap, dvs. trening av folk dei seinare skal intervju. Nynorsk mediesenter har knytt til seg tidlegare journalistar, som kurshaldarar, i tillegg til dei tre tilsette.

Nokon i NRK har vorte meir katolske enn Paven etter at aktive journalistar ikkje lenger får drive med medietrening, og meiner at NRK ikkje skal drive med slikt i det heile. Dei har ein tendens til å framstille alle mediekurs som luguber trening i å hindre media sitt arbeid og læring av tvilsame knep, og vil overlate marknaden heilt til det markedet dei meiner driv slik.

Døme på kurs : Medietrening, handtering av media i krisesituasjonar, presentasjon, skriving for Internett, god nynorsk, osv. Kursa rettar seg både mot einskildpersonar, redaksjonar, organisasjonar og næringsliv. Vi skreddarsyr kursa, og held dei anten i lokala våre i Førde eller der oppdragsgjevaren ynskjer dei. Vi leiger inn kurshaldarar alt etter kva kurs det er snakk om.

I 2004-05 hadde vi til saman ti kurs, hovudsakleg i medietrening, presentasjon og skriving for Internett. Dei som tinga kurs var : Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Tussa Kraft, Mattilsynet, LO Stat Hordaland og Sogn og Fjordane, Senterpartiets Hovudorganisasjon, Fylkesmannen i Hordaland og Nynorsk forum. Vi hadde to kurs for fleire av desse.

Frå nyttår til april 2006 har vi hatt sju kurs med: Mattilsynet, fylkeskulturstkontoret i Sogn og Fjordane og LO Stat for Hordaland og Sogn og Fjordane i medietrening, vore med på tre beredskapskurs i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og eitt i Politiet, om media si rolle ved kriser og ulukker. Det er dei tre tilsette i Nynorsk mediesenter som har kursa attåt opplæringa av fjerde kullet.

Nettkringkastaren i NRK har bedt Nynorsk mediesenter om å halde kurs i nynorsk for nettjournalistar i NRK, for å få opp bruken av nynorsk på Internett. Kursa var planlagde til juni, men det er enno uvisst kor mange som melder seg på. Geirmund Henjum vert kurshaldar saman med andre røyndenynorskbrukande journalistar i NRK, som t.d. Sigvart Østrem, Synnøve Hole og Anne Lognvik.

Vi får generelt gode tilbakemeldingar på kursa våre og dei vi har kursa før tingar nye kurs. Det er alt tinga fleire til hausten, og kursa sel seg gjennom nettsida vår og dei som har gått på dei. Du finn meir om kursverksemda, bakgrunnen til kurshaldarane og tilbakemeldingane på www.nynorskmediesenter.no



Her er nokre ferske tilbakemeldingar på kurs vi har hatt denne våren:

Forbundssekretær David Robert Coyle, Norges Offisersforbund, etter kurs i medietrening med LO Stat: - Kurset er veldig bra lagt opp med litt teori og stor vekt på praktisk intervjustuasjoner. Fungerer meget bra med uformelt opplegg med "rundebord-konferanse". Jeg tenkte flere ganger under kurset at jeg skulle ønske vi hadde en dag til på oss.

Ingebjørg Erikstad, fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane, etter kurs i medietrening:

- Vi gjekk frå kurset med heva hovud og ein ny porsjon kunnskap og sjølvtillit. Den grundige gjennomgangen av korleis media arbeider, gav oss ein god bakgrunn når vi kom i intervjustolen. Gjennomgangen gav oss også nyttige tips om korleis vi kan bli betre i kontakt med media. Alle som var med på kurset opplevde det som eit godt tiltak for å sveise oss meir saman som kollegaer.

Distriktsjef Rune Myklatun i Mattilsynet, etter kurs for tilsette i medietrenings :

- Dette er viktige og gode kurs. Det er flott at NRK /Nynorsk mediesenter har dette tilbodet, ikkje minst fordi opplæringa skjer i eit "autentisk miljø" der ein har tilgang på lokaler, utstyr og personell i ei stor mediebedrift. Dette blir noko heilt anna enn at opplæringa skjer i vanlege kurslokaler, der eit eller anna medieselskap har med seg "medbrakt" personell og utstyr.

Nettredaktør Grete Riise, Fylkesmannen i Hordaland (kurs i skriving for Internett):

- Vi har valt Nynorsk mediesenter for andre gong fordi vi er nøgde med det vi fekk sist. Det handlar kanskje først og fremst om kurshaldaren. Elles er det vel ein slags logikk i at NRK som storaktør både på radio, tv og nett faktisk har kompetanse å dele med andre. For nynorsken si skuld, er det bra med andre kursarrangørar enn dei mest tabloide og kommersielle.

Ordførar Arve Helle, Fjaler kommune, etter å ha vore med på beredskapskurs i Fylkesmannen sin regi, med fokus på mellom anna media si rolle i krisesituasjonar : - Veldig nyttig for meg å bli drilla på korleis handtere media i ein slik situasjon. Eg opplevde opplegget som veldig realistisk og følte eg fekk eit godt innblikk i media sin tenke - og handlemåte.

Marknad for meir kurs

Det er utan tvil ein marknad for slike jordnære og matnyttige kurs om media og nynorsk som vi driv med, og vi lyt i løpet av komande driftsår bestemme oss for kor omfattande kursverksemda vår kan og skal vere.

Nokon vil meine at NRK *ikkje* skal drive med slik kursverksem i det heile. Dei har lett for å framstille alle medietreningskurs som tvilsame kurs i korleis ein kan "lure" media og rådgjeving om korleis ein skal snakke seg vekk frå fakta. Det er ikkje det vi driv med. Vi legg vekt på å få forståing for media si rolle i samfunnet, korleis dei kan bu seg på intervju og nå fram i media. Så lenge vi held aktive journalistar og kursing frå kvarandre meiner eg det gagnar både NRK og publikum at vi deler den kunnskapen vi har med andre. Det er mykje medieangst og medie-agresjon i samfunnet. Dei to kjenslene er nær i slekt og gjer at mykje tid går vekk til overtaling og lirking, kanskje utan anna resultat enn mykje stress hjå alle partar.

Det er og mange som vert språkleg usikre når dei skal fram i media, eller stå framfor forsamlingar. Dei trur at deira eige mål ikkje er godt nok, men med knoting vert det for mykje å halde styr på, autoriteten svekkjест og den naturlege ordlegginga stokkar seg.

Dersom vi verkeleg ynskjer å ha med folk frå ulike delar av landet, med ulike dialektar og ståstader, i radio – og fjernsynsdebattar, så må vi og gjere noko aktivt for å utvide den vesle flokken som i dag vandrar mellom studioa. Gjennom kursverksemda vår kan Nynorsk mediesenter og oppdage talent for debattar om ulike emne, og vere ein ressursentral for dei i NRK som ynskjer meir mangfold og variasjon i programma.

Eg trur og at allmennkringkastaren NRK står seg på å dele kunnskapane sine med folk, og kanskje vere eit ørlite alternativ til dei mange kommersielle medie- og reklamebyrå som dei færreste har råd til å bruke. Vi brukar stort sett satsane til NRK Kompetanse.

Økonomi og administrasjon

Nynorsk mediesenter hører organisatorisk til avdelinga for personal og organisasjon, ei plassering vi er godt nøgde med. Fyrste halvåret høyrdie vi inn under NYDI, og det var godt å kome over i ei avdeling der vi veit at vi har dei pengane vi har fått tildelt, og ikkje risikerar kutt etter at dei er brukte. Det har og vore godt – etter mange år i distriktsjefstolen med årlege busjettkampar – å få det budsjettet ein ber om, når det er skrive med måtehold.

Eg likar å arbeide sjølvstendig og let høyre frå meg om det er noko eg er misnøgd med, og har fått tillit frå sjefen vår, Siv Farstad Olsen. Eg er glad for å kunne nytte tida mi til Nynorsk

mediesenter og sleppe kiving med avdelingar på Marienlyst. Er i det heile glad for at Nynorsk mediesenter vart lagt direkte under personalsjefen, ikkje under NRK Kompetanse, slik det fyrst var bestemt.



Nynorsk mediesenter har sams administrasjon, adm.sjef og teknologisjef med NRK Sogn og Fjordane, og **adm.sjef Jarle Arvid Aase** oppsummerer det hopehavet vi har slik :

Nynorsk mediesenter starta opp med ordinær drift og sitt første kull med praktikantar frå 1. september 2004. Sjølve arbeidet med å starte opp Nm starta for fullt i april/mai same året. I utgangspunktet vart det sett av ein budsjettsum på kr 2.515.000 som skulle dekke både oppstartskostnadar og ordinær drift med det første kullet hausten 2004. Alt i september vart budsjettet redusert til kr 2.140.000. I oktober kom det eit nytt kutt på kr 90.000, slik at den endelege budsjetttråma for 2004 vart på kr 2.050.000. Som følgje av at råma vart kutta så seint som i oktober, vart det vanskeleg å klare å halde seg innanfor råma. Likevel vart underskotet i 2004 på berre kr 34.400.

For 2005 vart det sett opp eit driftsbudsjett på kr 3.680.000. Dette året kom Nm ut med eit overskot på kr 82.300. Overskotet skuldast først og fremst kursinntekter på kr 77.500.

Når det gjeld 2006, er det pr. utgangen av mai eit førebels underforbruk (overskot) på kr 193.700. Sidan det ikkje er køyrt endeleg avslutning for mai enno, er det nok kostnader som ikkje er kome med enno. Det er ikkje uvanleg at resultatet er så "bra" så tidleg på året. Dette har med om periodiseringa av budsjettet stemmer heilt med tidspunktet for faktiske kostnader. Uansett viser resultatet at Nm er veldrive også økonomisk. Det er full kontroll med kostnadssida. Det gode resultatet har også sjølv sagt med det faktum å gjere at det så langt er inntektsført kursinntekter på kr 174.800 i rekneskapen.

Nynorsk mediesenter er samlokaliserte med NRK Sogn og Fjordane. Dermed er det naturleg at administrasjonen ved NDSF også yter tenester til Nm. Dette gjeld resepsjons- og sentralbordteneste, lønningskontor, reiserekningar, rekeskapsføring og økonomirapportering. NDSF stiller også tenestebilar til disposisjon for Nm. Ut over dette yter NDSF tenester som Nm til ei kvar tid har trong for, under føresetnad av at NDSF har mannskap og kompetanse som kan utføre etterspurte tenester.

Frå NRK Sogn og Fjordane sin ståstad, vurderer vi det slik at samarbeidet med Nm fungerer fint. I ein hektisk kvardag kan det skje at ikkje alle etterspurte tenester kan utførast straks, men i det store og det heile er det vårt inntrykk at dei fleste tenestene vert levert innan rimeleg tid. Dei største utfordringane ligg i at Nm/APON ligg i linja under APOR. NDSF adm. Vil derfor ha ein stabsfunksjon i høve til Nm/APON. Dette er nok noko uvant for både APOR, sentralt lønningskontor og sentral økonomiavd. å innrette seg etter. Eg vil likevel seie at dette stort sett går bra. Spesielt økonomirapporteringa som skjer til Tove Eng Hansen hos ØKON, fungerer svært fint.

Sekretariat for nynorskpris for journalistar



I samband med opninga av Nynorsk mediesenter i 2004 fekk vi ei "gåve" på kr. 50.000 frå Kulturdepartementet. Den vart til Kultur- og kyrkjedepartementet sin årlege nynorskpris for journalistar. Nynorsk mediesenter fekk i oppgåve å vere sekretariat for juryen. I den sist forfattaren **Olaug Nilssen**, Bergen, sjefredaktør **Tom Hetland** i Stavanger Aftenblad og NRK-journalist **Gry Molvær**, Trondheim, er leiar. Juryen hadde møte i Førde 19.mai, og fyrste prisen skal delast ut under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 22.juni.

Føremålet med denne nynorskprisen er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen skal gjevast til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve

nynorsken status og innpass på nye område. Prisen er ei pengegåve på kr. 50.000,- og eit kunstverk. Fristen for å føreslå kandidatar til prisen var 1.mai, og det var kunngjort i ei rekke aviser. Det kom inn vel 30 forslag på 25 namn

Nynorsk mediesenter – ein suksess ?

Det er ikkje god tone på desse kantar av landet å skryte av det ein sjølv driv på med, det vert lett oppfatta som stormannsgalskap eller varsel om at enden er nær. Men eg dristar meg likevel til å hevde at Nynorsk mediesenter så langt er ein suksess, særleg fordi alle dei 20 nynorskpraktikantane har arbeid i media på heil - eller deltid. Både dei og Nynorsk mediesenter har fått eit godt omdøme, og vi opplever oss som eit pre for allmennkringkastaren NRK. Dei resultata og tilbakemeldingane vi kan syne til håpar vi stadfestar at det er trond for Nynorsk mediesenter og at vi er på rett spor.



"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter, og verdiane vi byggjer på er **dyktig- frodig – framfus**. Vi opplever at mange er stolte av det vi oppnår og står for, både vanlege folk, og nynorskbrukarar i og utanfor NRK. Det er ei glede å sjå dyktige nynorskbrukande journalistar vekse fram, stolte over språket sitt og det dei får til. Mange rister på hovudet over at vi har som mål at fem av fem på kvart kull skal lukkast med å bli journalistar. Vi må ha det målet, for utan høge mål vert korkje nynorskpraktikantane eller vi tilsette gode nok. Det viktige er å få dei til å søkje seg til ulike medietiltak som treng nynorskbrukarar, og at dei som tek mot dei skjørnar at det må til meir trening og røynsle før dei vert gode avviklarar, programleiarar, underhaldningsvertar, osv, som mange redaksjonar etterspør. Det er grenser for kva folk kan lære på eit halvår. Nynorsk mediesenter er ein viktig og god start, NRK eller andre medieverksemder må ta dei vidare.

Bakgrunnen for at vi har lukkast godt så langt er at vi er nøgne med rekrutteringa, at vi har lang røynsle med å finne og utvikle gode journalistemne, at "lære med å gjere det - metoden" fungerar, at dei kjem inn i eit pulserande redaksjonsmiljø frå fyrste dag. NRK Sogn og Fjordane har lang røynsle med å ha mange unge folk i redaksjonen, og dei tilsette er flinke til å takle dei attåt eige arbeid. Det er ein redaksjon med høge ambisjonar og gode resultat, og såleis ein ypperleg stad å byrje som journalist. Nynorsk er språket både i redaksjonen og samfunnet kring, og det er eit framifrå språk for journalistikk, kort og presist. Det vert stilt høge krav frå dag ein, samstundes som praktikantane får tett oppfølging av faglærarar som er røynde journalistar. Dessutan har vi det kjekt, og det er eit godt grunnlag for både læring og utvikling.

Førde 09.06.06.

Magni Øvrebotten

POSTADRESSE:
Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:
Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:
Leiar : 57 72 42 30
Flaglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:
nynorskmediesenter@nrk.no
NETT:
www.nynorskmediesenter.no